

Kreativitet og variasjon

Det finst neppe eit einaste barn i Ålesund som ikkje kjenner til historia om bybrannen og oppbygginga etterpå. I både barnehagar og skolar har aktiviteten og kreativiteten vore stor dei siste månadeane. Her er nokre eksempel på korleis ein har arbeidd med temaet – med tips som kan brukast i lokalhistoriske opplegg også andre stader i landet.

Nørvasund skole med revy og utstilling: Nørvasund skole, ei barneskole med 400 elevar, har konsentrert arbeidet rundt to hovudelement: Ein bybrannrevy og ei utstilling.

Som bakgrunn for arbeidet har dei hatt besøk frå Aalesunds museum, som både har friska opp lærarane sin kunnskap og vore innom alle klassar. Til revyen hadde alle klassar laga sitt eige innslag, med rollespel, song, dans osb. Nokre dramatiserte sjølv brann-natta, nokre viste glimt frå livet i byen før brannen, og andre hadde innslag med rykande ferske nyheitsinnslag frå brannen. Femte klasse hadde laga sin eigen bybranndans, medan sjette klasse stilte med bybrannrap. I tillegg var det øvd inn ein sang til eit kor med samtlige elevar på scena. Skolen leigde kulturhuset i Ålesund til de to førestillingane, med profesjonell lyd og lys og eit strålende resultat. Parallelt arbeidde elevane med anna skapande verksemd, som resulterte i ei utstilling.

– Prosjektet har vore eit løft for oss. Det å få stå på scena i kulturhuset var ei oppleveling for alle, og både kreativiteten og arbeidsgleda har vore stor. Det å gjere noko i fellesskap, på tvers av klassetrinn, og gjere noko saman som ein er stolt av, det gir ei god kjensle. Samtidig har vi lært masse lokalhistorie! seier inspektør Sissel Ellefsen.

Spjelkavik barneskole med alle 520 elevar i aktivitet: Spjelkavik barneskole ligg vel ei mil frå Ålesund sentrum. Det har ikkje hindra at samtlige 520 elevar har arbeidd med bybrann og lokalhistorie på eit eller anna vis, fortel rektor Greta Herje. Dei har skaffa seg bakgrunns-kunnskap gjennom litteratur, gamle bilete,



«For ein brannbill» Dei gamle brannsprøytnene som vart brukt i 1904 vekte stor interesse. Brannmannen i historisk uniform er Ole Kristian Voldsund, elev ved Ålesund videregående skole.

besøk i byen og på museet. Nokre har laga forteljingar, andre har teikna og måla, og på sjølve bybrannndagen gjekk tre bussar i skytteltrafikk mellom skolen og bysentrum.

Skarbøvik ungdomsskole med konsentrert prosjektvek: Skarbøvik ungdomsskole fekk arrangert si eiga byvandring med den fargerike byhistorikaren Harald Grytten, og fekk deretter sjå NRK-produksjonen om bybrannen på stor-skjerm. Dette var opptakten til ei veke der alt anna enn gymnastikktimane vart bruk til prosjektarbeidet. I løpet av veka vart det produsert stoff til skolen si heimeside på internett, det vart laga modellar av byen før og etter brannen, det vart laga bilete i ulike teknikkar, laga avis- og radio-reportasjar, og det vart arrangert «Fern på-konkurranse» med spørsmål frå byhistoria. Kjekt, lærerikt og engasjerande, fortel prosjektleiari Bjørne Fylling.

Veslefrikk barnehage reiste med tidsmaskin tilbake til 1904: I Veslefrikk barnehage begynte dei med tema lokalhistorie og bybrann allereie i august 2003, og dei er på langt nær ferdige, fortel styrar Grete Yndestad Ski.

– Barnehagen vår ligg i Spjelkavik, utanfor bysentrum, og alle ungane bor her i området. Difor starta vi med å snakke om kvar dei bor, og såg litt nærmare på husa deira. Deretter gjekk vi over til å studere husa i byen, og snakke om kvifor dei ser ut som dei gjer. Den særprega jugendbyen er jo eit direkte resultat av brannen.

Men i tillegg til å dra på turar til byen og sjå korleis den er i 2004, er Veslefrikk barnehage så heldige at det har ein tidsmaskin som kan ta dei 100 år tilbake. Når ein går inn i maskinen

(som var romskip i eit tidlegare temaarbeid) sløkkjer lyset og trykkjer på dei rette knappane kan ein kome tilbake til både 1903, 1904 og 1905. Ved hjelp av overhead og gamle bilet kan ein sjå korleis byen såg ut både før, under og etter brannen.

– Underveis har vi mellom anna laga bilet, hørt gamle historier og laga nye historier og lært songar om byen og brannen. Og vi er ikkje ferdige. No skal vi begynne å forske litt på Ole Brude. Han la ut frå Ålesund i 1905 i verdas første overbygde livbåt, det såkalla «Brudeeggget». Historie er spanande, også for dei minste, seier Yndestad Ski.

Ratvikåsen barnehage og ein familie i gammal Ålesund: I Ratvikåsen barnehage har dei skap si eiga familie frå gammal Ålesund, Agnete og Aron Hessen og barna deira Konstanse, Fredrik og Lovise. Med utgangspunkt i gammale bilet frå byen, mellom anna eit der ein se ungar utanfor ein butikk, har dei laga historie om kva som kan ha gått føre seg i Ålesund rundt 1904. Gjennom ein serie små drama-snuttar, der både barn og vaksne er aktivt med har dei levd seg inn i livet til denne familien frå rundt 100 år sidan, fortel styrar Olaug Drabløs

– Samtidig har vi samla mange foto og gjenstandar frå gamle dagar, som klede, reiskap og bruksting, og har gradvis bygd opp eit miljø eit «Gamelt Ålesund-rom». Her spelar vi historiene våre, og seinare skal vi lage utstilling av dette. I tillegg jobbar vi med forming og tekstsrapning, seier Drabløs.